



# Prop. 21 S

(2021–2022)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Endringar i statsbudsjettet 2021 under Justis- og beredskapsdepartementet

*Tilråding frå Justis- og beredskapsdepartementet 26. november 2021,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Støre)*

### 1 Innleiing

Justis- og beredskapsdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om endringar i løyvingane under diverse kapittel i statsbudsjettet 2021.

### 2 Forslag om endringar

#### Kap. 3410 Domstolene

##### *Post 01 Rettsgebyr*

Løyvinga på posten dekker inntekter frå gebyrpliktige oppgåver i domstolane i samband med sivile saker, skjønn, skifte, konkurs, tvangsforretningar m.m. I tillegg blir det ført gebyr frå Registereininga i Brønnøysund på posten. Pandemien har ført til ein markant nedgang i talet på behandla konkurssaker. På bakgrunn av dette og rekneskapstal blir det foreslått å redusere løyvinga med 50 mill. kroner.

##### *Post 02 Saks- og gebyrinntekter jordskiftedomstolene*

Løyvinga på posten omfattar inntekter ved at partane i saka betaler gebyr. Det er forventa ein reduksjon i saks- og gebyrinntektene i 2021. På bakgrunn av dette og rekneskapstal foreslår departementet å redusere løyvinga med 3,1 mill. kroner.

#### Kap. 414 Forliksråd og andre domsutgifter

##### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten dekker godtgjersle og tapt arbeidsforteneste til meddommarar, enkelte sakkunnige, vitne, rettsvitne m.m. og reiseutgiftene deira. Vidare dekker løyvinga utgifter til tolkar i sivile saker der partane har krav på tolk. Løyvinga på posten dekker òg utgifter til vitne som møter hos eller på annan måte gir forklaring til Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker, og utgifter til nødvendige blodprøver og DNA-testar i arbeidet til kommisjonen. På bakgrunn av rekneskapstal og forventa utvikling i 2021 foreslår departementet å auke løyvinga med 6,3 mill. kroner.

#### Kap. 430 Kriminalomsorgen

##### *Post 01 Driftsutgifter*

Departementet har i 2021 fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 430, post 01, mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3430, post 03 og post 04.

##### *Oppgradering av IKT-system for skuleverksemd i fengsel*

Departementet foreslår å auke løyvinga med 13,3 mill. kroner under kap. 430, post 01, mot ein

tilsvarande auke under kap. 3430, post 03. Sjå også omtale under kap. 3430, post 03. Løyvinga skal nyttast til oppgradering av «desktop for skolen», som er eit IKT-system for innsette som får skuleopplæring i fengsel.

#### *Utgifter til internasjonalt arbeid*

Departementet foreslår òg å auke løyvinga med 20 mill. kroner under kap. 430, post 01, mot ein tilsvarende auke under kap. 3430, post 04. Sjå også omtale under kap. 3430, post 04.

#### *Husleige for Agder fengsel*

Statsbygg har gjort ei ny husleigeberekening basert på siste estimat av sluttprognosen for Agder fengsel. Estimaten viser ein betydeleg reduksjon i årleg husleige, og husleiga er derfor sett ned med 40,7 mill. kroner i 2021. Den nye husleigeberekening viste også at Kriminalomsorgsdirektoratet (KDI) har betalt 32 mill. kroner for mykje i husleige i 2020 som har blitt refundert i 2021.

Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga på kap. 430, post 01, med 72,7 mill. kroner på grunn av ny husleigeberekening for 2020 og 2021.

#### *Oppsummering*

Samla foreslår departementet å redusere løyvinga på kap. 430, post 01, med 39,4 mill. kroner.

#### *Post 60 Refusjoner til kommunene, forvaringsdømte mv., kan overføres*

Løyvinga på posten dekkjer refusjonar til kommunale omsorgstiltak for prøvelauslating frå forvaring og varetektssurrogat. Det er domstolane som avgjer prøvelauslatingar frå forvaring for opphald i institusjon eller kommunal bustad.

Oppdatert prognose tilseier meirforbruk under posten i 2021 på 7,5 mill. kroner.

Departementet foreslår derfor å auke løyvinga på kap. 430, post 60, med 7,5 mill. kroner.

### **Kap. 3430 Kriminalomsorgen**

#### *Post 03 Andre inntekter*

Inntektene på posten omfattar blant anna leigeinntekter for teneste- og leigebustader, refundert

kost og husleige, klientavhengige driftstilskot til overgangsbustadene og tilskot frå andre offentlege verksemdar til gjennomføring av prosjekt.

Inntektene under posten er venta å bli 13,3 mill. kroner høgare enn saldert budsjett 2021. Dei auka inntektene kjem som følgje av auka inntekter frå Vestland fylkeskommune til oppgradering av «desktop for skolen», som er eit IKT-system for innsette som får skuleopplæring i fengsel.

Departementet foreslår derfor å auke løyvinga med 13,3 mill. kroner, mot ein tilsvarende auke på kap. 430, post 01.

#### *Post 04 Tilskudd*

Inntektene på posten omfattar tilskot til deltaking i internasjonalt fengselsamarbeid under EØS-finansieringsmekanismane. Posten omfattar òg inntekter frå prosjekt der kriminalomsorga får tilskot til å gjennomføre prosjekt i samarbeid med internasjonale organisasjonar eller andre land.

Inntekta under posten er venta å bli 20 mill. kroner høgare enn saldert budsjett 2021. Inntekta under posten kjem i hovudsak frå midlar frå Utanriksdepartementet som er knytte til NORLAUs arbeid i Ukraina. I tillegg kjem ein del av inntekta frå Financial Mechanism Office, knytt til koordinatorrollen for dei internasjonale prosjekta som er finansierte av Norway Grants, og frå midlar til dekning av kriminalomsorga sine utgifter knytte til organisasjonen AMEND sitt prosjekt i USA, som blir gjennomført i samarbeid med University of California.

Departementet foreslår derfor å auke løyvinga med 20 mill. kroner, mot ein tilsvarende auke på kap. 430, post 01.

### **Kap. 433 Konfliktråd**

#### *Post 01 Driftsutgifter*

Departementet har i 2021 fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 433, post 01, mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3433, post 02.

Departementet foreslår å auke løyvinga med 220 000 kroner, mot ein tilsvarende auke under kap. 3433, post 02. Den auka løyvinga kjem som følgje av auka utgifter til Rusprosjektet, som blir drive av konfliktrådet i Trøndelag.

### Kap. 3433 Konfliktråd

#### Post 02 Refusjoner

Inntektene på posten er refusjonar som skal dekke utgiftene konfliktråda har i samband med kurs og konferansar. Inntektene på posten er venta å bli 220 000 kroner høgare enn budsjettet.

Departementet foreslår derfor å auke løyvinga med 220 000 kroner, mot ei tilsvarende auke under kap. 433, post 01.

### Kap. 440 Politiet

#### Post 01 Driftsutgifter

Justis- og beredskapsdepartementet har fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 440, post 01, mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3440, post 02, post 03 og post 04.

#### Forsvarets bistand til politiet knytt til grensekontroll

Forsvaret har meirutgifter som følgje av bistand til politiet til forsterka grensekontroll i samband med covid-19-pandemien ut over det som allereie er løyvd til formålet. Departementet foreslår derfor å auke løyvinga med 38,4 mill. kroner for å dekke meirutgifter som følgje av forsterka grensekontroll. Utgiftene blir fakturerte av Forsvaret.

#### Grenseoppdraget – unntatt plikt om opphald på karantenehotell

Politiet har hatt meirutgifter som følgje av rolla som hjelpefunksjon i nærleiken av teststasjon i samband med unntak frå plikt om opphald på karantenehotell. Departementet foreslår derfor å auke løyvinga med 7 mill. kroner. Meirbehovet er knytt til fleire polititilsette for rettleiing av dei reisande, auka kapasitet i grensekontrollen og organisering og drift på utvalde hjelpestasjonar ved dei største grenseovergangane.

#### Lågare etterspurnad etter pass

Som følgje av covid-19-pandemien har det vore lågare etterspurnad etter pass, og det er venta at den låge etterspurnaden vil fortsetje ut året. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga med 62,5 mill. kroner som følgje av reduserte utgifter til politiet, jf. omtale under kap. 3440, post 01.

#### Konsekvensar av ny våpenlov med forskrifter

Som følgje av ny våpenlov med forskrifter er det venta at det blir fleire saker å behandle for politiet. På bakgrunn av dette foreslår departementet å auke løyvinga på kap. 440, post 01, med 5,5 mill. kroner som følgje av auka utgifter til politiet, jf. omtale under kap. 3440, post 01.

#### Lågare aktivitet i politiinnsats utført for organisasjonar, lag og offentlege etatar m.m.

Som følgje av redusert aktivitet i politiinnsats som er utført for organisasjonar, lag, entreprenørar og offentlege etatar, er det venta reduserte refusjonar. På bakgrunn av dette foreslår departementet å redusere løyvinga på kap. 440, post 01, med 50 mill. kroner, mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 3440, post 02.

#### Færre oppdrag i samband med vakthald m.m.

Som følgje av færre oppdrag i samband med vakt-hald på festivalar, konsertar og fotballkampar osv. er det venta reduserte refusjonar. På bakgrunn av dette foreslår departementet å redusere løyvinga på kap. 440, post 01, med 20 mill. kroner, mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 3440, post 03.

#### Styrking av Grensekommisariatet

Det er behov for ei stilling og utstyr hos Grensekommisariatet i 2021. Departementet foreslår å auke løyvinga på kap. 448, post 01, med 345 000 kroner, mot ein tilsvarende reduksjon av løyvinga på kap. 440, post 01.

#### Oppsummering

Samla foreslår departementet å redusere løyvinga på kap. 440, post 01, med 81,9 mill. kroner.

#### Post 25 Variable utgifter ved ankomst, mottak og retur i politiets utlendingsforvaltning

Løyvinga på posten dekker dei variable utgiftene til retur av tidlegare asylsøkarar med avslag og bort- og utviste personar etter utlendingslova.

Som følgje av låg aktivitet er talet på transporterar etter utlendingslova redusert samanlikna med tidlegare anslag. På bakgrunn av dette foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med 70 mill. kroner.

*Post 73 Tilskudd til EUs grense- og visumfond, kan overføres*

Løyvinga på posten dekker utgifter knytte til internasjonale forpliktingar, medrekna bl.a. utbetalingar til EUs grense- og visumordning, Det europeiske byrået for operativ forvaltning av store IT-system på området for fridom, tryggleik og rettferd (eu-LISA) og Det europeiske grense- og kystvaktbyrået (Frontex).

Utbetalingane på posten blir utførte når fakturaer for dei internasjonale forpliktingane blir mottekne. Det er uvisst om alle fakturaer som er budsjetterte for 2021, vil bli mottekne i inneverande år. Departementet foreslår derfor at posten blir tilføydd stikkordet «kan overføres».

### **Kap. 3440 Politiet**

*Post 01 Gebyr – pass og våpen*

Løyvinga på posten dekker inntekter frå behandlingssgebyr for pass og våpenløyvingar.

*Lågare etterspurnad etter pass*

Gebyrinntektene er venta å gå ned fordi det er produsert færre pass i 2021. På bakgrunn av dette foreslår departementet å redusere løyvinga på kap. 3440, post 01, med 56 mill. kroner, mot å redusere løyvinga på kap. 440, post 01, med 62,5 mill. kroner.

*Konsekvensar av ny våpenlov med forskrifter*

Gebyrinntektene er venta å gå opp fordi det blir fleire saker å behandle for politiet som følgje av ny våpenlov med forskrifter, jf. omtale under kap. 440, post 01. På bakgrunn av dette foreslår departementet å auke løyvinga på kap. 3440, post 02, med 5,5 mill. kroner.

*Oppsummering*

Samla foreslår departementet å redusere løyvinga på kap. 3440, post 02, med 50,5 mill. kroner.

*Post 02 Refusjoner mv.*

Som følgje av rekneskapstal og venta utvikling i 2021 er det venta mindre refusjonar i politietaten i 2021. Departementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 50 mill. kroner, mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 440, post 01.

*Post 03 Salgsinntekter*

Som følgje av rekneskapstal og venta utvikling i 2021 er det venta mindre salsinntekter i politietaten i 2021. Departementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 20 mill. kroner, mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 440, post 01.

*Post 06 Gebyr – utlendingssaker*

Løyvinga på posten dekker gebyr i samband med søknader om statsborgarskap, familieinnvandring, arbeidsløyve, utdanningsløyve og permanent opphaldsløyve. På bakgrunn av lågare prognosar for søknader om permanent opphaldsløyve og endra prognosar for del av søknader om statsborgarskap som gjeld barn, som ikkje betaler gebyr, foreslår departementet å redusere løyvinga med 13,1 mill. kroner.

*Post 07 Gebyr – sivile gjøremål*

Løyvinga på posten dekker gebyrinntekter i samband med den sivile rettspleia på grunnplanet, det vil seie gebyr frå tvangsforretningar og forlikrårdsbehandling. Som følgje av at namsmannen har arbeidd ned restansar i utleggsforretningar og ein nedgang i talet på utleggsforretningar og forlikrådssaker, blir det foreslått å redusere løyvinga på posten med 150 mill. kroner.

*Post 08 Refusjoner fra EUs grense- og visumfond*

Posten dekker refusjonar frå EUs grense- og visumfond. Refusjonsutbetalingane vil variere frå år til år, og baserer seg på dokumentert forbruk frå støttemottakarar. Midlane blir derfor forskoterte over statsbudsjettet over kap. 440, post 48.

Det er forventa eit lågare tal på refusjonar frå fondet i 2021 enn opphavleg budsjettert. Seinka refusjonar vil bli utbetalte frå EU seinare år. På bakgrunn av dette foreslår departementet å redusere løyvinga med 5,7 mill. kroner.

### **Kap. 444 Politiets sikkerhetstjeneste (PST)**

*Post 01 Driftsutgifter, kan overføres*

Løyvinga på posten dekker driftsutgifter for Den sentrale eininga (DSE) i PST i tillegg til enkelte utgifter knytte til drifta av dei lokale PST-eininger i politidistrikta. Innkjøpsprosessar for fleire utviklingsprosjekt er forseinka bl.a. som følgje av covid-19-pandemien, noko som fører til forsinkelser, og det er uvisst når utbetalingane vil skje.

Departementet foreslår derfor at posten blir tilføydd stikkordet «kan overføres».

### **Kap. 446 Den militære påtalemyndighet**

#### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten dekker utgifter til lønn og andre driftsutgifter. Som følge av rekneskapstal og venta utvikling i 2021 er det venta at det blir mindrebehov på Generaladvokatembetets budsjett. Departementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 200 000 kroner.

### **Kap. 448 Grensekommisæreren**

#### *Post 01 Driftsutgifter*

Det er behov for ei stilling og utstyr hos Grensekommisariatet i 2021. Departementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 440, post 01, med 345 000 kroner, mot ein tilsvarende auke av løyvinga på kap. 448, post 01.

### **Kap. 451 Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap**

#### *Post 01 Driftsutgifter*

#### *Reduserte inntekter for skule- og kursverksemdar*

På grunn av covid-19-pandemien er aktiviteten ved kurs- og skuleverksemdene under DSB redusert, og dette gir ein reduksjon i variable kostander for verksemdene.

Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga med 800 000 kroner.

#### *EUs ordning for sivil beredskap (UCPM) – programperiode 2021–2027*

Regjeringa viser til at Stortinget i statsbudsjettet for 2021 har løyvd 37,2 mill. kroner til kontingent i 2021 for deltaking i EUs ordning for sivil beredskap (UCPM) for programperioden 2021–2027, jf. Prop. 1 S (2020–2021), Innst. 6 S (2020–2021); jf. òg vedtak 1160 om innlemming i EØS-avtalen av ein forordning om EUs ordning for sivil beredskap (2021–2027), jf. Prop. 180 S (2020–2021), Innst. 631 S (2020–2021).

Utanriksdepartementet betalar dei årlege kontingentane for Noregs deltaking i EU-programma, og har no fått grunnlaget for innbetalingar av EU-kontingentar for 2021. Kontingenten i 2021 for deltaking i EUs ordning for sivil beredskap blir 58,5 mill. kroner.

Departementet foreslår derfor å auke løyvinga med 15,3 mill. kroner til dekning av auka nivå på kontingenten i 2021.

#### *Samlokalisering av politiet sin operasjonssentral og brannvesenet sin 110-sentral*

I Saldert budsjett 2021 er det lagt til rette for gjennomføring av samlokalisering av politiet sin operasjonssentral og brannvesenet sin 110-sentral i Tromsø. Prosjektet er utsett som følge av ein ny dialog med helsesektoren.

Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga med 10,2 mill. kroner.

#### *Prosjekt for oppgradering av brann- og redningsvesenet sine kontrollrom*

Oppgraderinga «Midlife Upgrade» for brann- og redningsvesenet sine kontrollrom er finansiert av DSB og dei kommunale 110-sentralane for å sikre at kontrollromma har rett og sikkert utstyr. Det er venta ein kostnad på 14,2 mill. kroner i 2021, som i sin heilskap skal dekkast av dei kommunale 110-sentralane.

Departementet foreslår å auke løyvinga med 14,2 mill. kroner, mot ei tilsvarende endring på kap. 3451, post 02.

#### *Utstyr i Siviltforsvaret*

Løyvinga på posten vart i tråd med Innst. 6 S (2020–2021) auka med 25 mill. kroner i 2021 til regional styrking av Siviltforsvaret. Covid-19-pandemien har gjort det krevjande å gjennomføre meir øving og utdanning i distrikta, og det er derfor større nytte i å anskaffe utstyr for å redusere materiell-etterslepet.

Departementet foreslår på bakgrunn av dette å redusere løyvinga med 25 mill. kroner, mot ein tilsvarende auke på kap. 451, post 45.

#### *Oppsummering*

Samla foreslår departementet å redusere løyvinga på kap. 451, post 0,1 med 6,5 mill. kroner.

#### *Post 22 Spesielle driftsutgifter – Nødnett, kan overføres*

Løyvinga på posten dekker utgifter til drift og vedlikehald og mindre utgifter til utvikling og investering i Nødnett og tilhøyrande tenester. Abonnementsavgifta blir fakturert kundane i Nødnett, og inntektene blir førte på kap. 3451, post 05, *Abonnementsinntekter og refusjoner Nødnett*.

### *Utgifter på vegner av Nødnett-brukarane*

Løyvinga gjeld utgifter til bl.a. kontrollromsutstyr, utgifter til innandørsdekning utover kontrakten og tunelldekning, som t.d. Statens vegvesen kjøper. Kostnadene blir i sin heilskap dekte av brukarane, med inntektsføring på post 05. Brukarane har anskaffa meir over DSBs kontraktar enn budsjettet.

Departementet foreslår derfor å auke løyvinga med 12 mill. kroner, mot ein tilsvarende auke på kap. 3451, post 05.

### *Post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, kan overføres*

Løyvinga dekker utgifter knytte til større investeringar i Nødnett og til tilleggskjøp av utstyr og funksjonalitet på vegner av brukarane. Utgifter på vegner av brukarane blir dekte inn av refusjonar på kap. 3451, post 04. Vidare dekker løyvinga utgifter til større utstyrsanskaffingar til Sivilforsvaret.

### *Materiellinvesteringar for auka operativ evne i Sivilforsvaret*

Sivilforsvaret er den primære sivile statlege forsterkingsstyrken for uønska hendingar i fredstid, og Sivilforsvaret er trena og har utstyr slik at dei kan støtta politi, brannvesen og medisinsk personell ved større ulukker og naturkatastrofar. Ekstremvær med etterfølgjande flaum, skred, skogbrann, migrasjon, pandemi og andre uønskte hendingar har ført til ei auke i talet på innsatsar for Sivilforsvaret. For å løysa sin primæroppgave må Sivilforsvaret ha ei betydeleg mengde materiell som må haldast ved like og oppdaterast. Etterslep i materiell, køyretøy, HMS-utstyr og dessutan den tekniske tilstanden til eksisterande utstyr og alder, utfordrar moglegheita til å gi forventa og relevant bistand ved større hendingar. For å ta unna ein del av det betydelege materielletterslepet som Sivilforsvaret har, og for å auke den operative evna gjennom fornying av materiell, vert det gjort framlegg om å auke løyvinga på posten med 25 mill. kroner til utstyrsinnkjøp i Sivilforsvaret, slik at Sivilforsvaret kan gje betre støtte i heile landet ved ulike hendingar.

Departementet foreslår å auke løyvinga på kap. 451, post 45 med 25 mill. kroner.

Departementet foreslår vidare å auke løyvinga på kap. 451, post 01 med 25 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 451 post 01, jf. omtale under kap. 451, post 01.

### *Investeringar på vegner av Nødnett-brukarane*

Det er i budsjettet for 2021 berekna investeringar på vegner av brukarane på 75 mill. kroner, med tilsvarende refusjonar. Tilbakemelding frå brukarane tilseier noko lågare investeringar. Dette er berekna til 64 mill. kroner. Departementet foreslår å redusere løyvinga med 11 mill. kroner, mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 3451, post 04.

### *Tryggleik i Nødnett*

For 2020 og 2021 er det løyvd totalt 65 mill. kroner til tryggleikstiltak i Nødnett, fordelt på investeringar og driftskostnader. Marknaden for slike tenester har endra seg til å i mindre grad bestå av investeringar og i større grad bestå av teneste- og serviceløysingar enn tidlegare. Det vil seie ein lågare investeringskostnad, men høgare driftskostnader enn det som er lagt til grunn for løyvinga. Samla kostander i kontraktperioden er uendra, men løyvinga må omfordelast frå investeringar til drift. Departementet foreslår på bakgrunn av dette å redusere løyvinga med 22,7 mill. kroner. Det blir òg vist til forslag i Prop. 1 S (2021–2022) om auka løyving til drift for tiltaket.

### *Skjermingsverdige objekt*

DSB har fått tildelt til saman 73 mill. kroner fordelt på budsjetta for 2019 og 2020 til forsterka sikring av skjermingsverdige objekt i Nødnett. Ubrukt løyving til formålet vart overført frå 2020 til 2021. Arbeidet er no nær ferdig, og DSBs berekningar viser eit estimert underforbruk på 36 mill. kroner. Det var knytt høg grad av uvisse til investeringa. Det vart derfor teke høgd for dette i forslaget til løyving gjennom avsetjing til uvisse kostnader. Mindreutgifta kjem av stram prosjektstyring og tett oppfølging av underleverandørar og av at delar av leveransen har hatt ein lågare kostnad enn opphavleg antekte.

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 36 mill. kroner.

### *Oppsummering*

Samla foreslår departementet å redusere løyvinga på kap. 451, post 45, med 19,7 mill. kroner.

### *Post 60 Refusjoner til kommunene og statsforvalterne mv., kan overføres*

Løyvinga på posten dekker kommunane sine kostander i samanheng med karantenehotell-

ordninga. Dette gjeld også enkelte meirutgifter kommunane har fått med heimel i sosialtenestelova som følgje av karantenehotellordninga. Kostnader som statsforvaltaren ev. har til pålagt utvida oppgåver i handteringa av karantenehotellordninga, blir òg dekte gjennom ordninga. Refusjonsordninga blir forvalta av DSB. Vidare dekker løyvinga DSB sine direktekostnader til understøtting av kommunane ved ei eventuell etablering av enkelte nasjonale kapasitetar, og statsforvaltarane sine kostnader ved ei eventuell utviding av oppgåver knytte til karantenehotellordninga. Løyvinga dekker òg UDI sine kostnader i samanheng med dispensasjonsordninga, som har gitt innreisande moglegheit til å søke om unntak frå karantenehotell av sterke velferdsomsyn og få ei avgjerd om dette i forkant av reisa.

Som følgje av innspel om kostnader hittil i 2021, anslag på uteståande krav og inngåtte plikter, er det anslått at løyvinga på posten kan redusertast med 1 480 mill. kroner, slik at ny løyving blir 2 503 mill. kroner. Det er uvisst om kommunane kjem til å sende krav om refusjon for alle kostnader i løpet av 2021. Det blir derfor foreslått at posten blir tilføyd stikkordet «kan overføres». Justis- og beredskapsdepartementet har i 2021 fullmakt til å overskride løyvinga med 850 mill. kroner. Noverande anslag for forbruk på posten tilseier at fullmakta ikkje vil bli brukt.

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 1 480 mill. kroner.

### **Kap. 3451 Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap**

#### *Post 02 Refusjoner driftsutgifter Nødnett*

Løyvinga dekker refusjonar til DSB for enkelte driftskostnader til direktoratet som skal finansierast av ei brukarbetalingsordning.

#### *Prosjekt for oppgradering av brann- og redningsvesenet sine kontrollrom*

Departementet foreslår å auke løyvinga med 14,2 mill. kroner, mot ei tilsvarende endring på kap. 451, post 01, jf. nærmare omtale under kap. 451, post 01.

#### *Post 03 Diverse inntekter*

Løyvinga på posten består av inntekter i samband med kursverksemd ved Noregs brannskule,

utleige av Sivilforsvarets anlegg og sal og bortleige av kursplassar og læremateriell m.m. ved skulane. Delar av inntektene kjem frå utnytting av ledig kapasitet ved Sivilforsvarets beredskaps- og kompetansesenter og anlegg.

#### *Reduserte inntekter for skule- og kursverksemd*

På grunn av covid-19-pandemien er aktiviteten ved kurs- og skuleverksemdene under DSB redusert. Inntektsnedgangen er berekna til 9 mill. kroner, fordelt på Noregs brannskule (NBSK) med 6,3 mill. kroner, Nasjonalt utdanningscenter for samfunnstryggleik og beredskap (NUSB) med 1,4 mill. kroner og Sivilforsvarets utdannings- og kompetansesenter (SFUKS) med 1,3 mill. kroner.

Kostnadene knytte til kursaktiviteten er hovudsakleg faste.

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 9 mill. kroner.

#### *Post 04 Refusjoner større utstyrsanskaffelser og vedlikehold Nødnett*

Løyvinga omfattar refusjonar frå brukarar for investeringar og kjøp som brukarane bestiller gjennom avtalane DSB har med leverandørar av Nødnett. Utgiftene blir førte på kap. 451, post 45, og DSB fakturerer kundane for dette.

Tilbakemelding frå brukarane tilseier noko lågare investeringar, jf. omtale under kap. 451, post 45.

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 11 mill. kroner.

#### *Post 05 Abonnementsinntekter og refusjoner Nødnett*

Løyvinga omfattar inntektene DSB har frå abonnementsordninga i Nødnett. Stortinget har i Innst. S nr. 4 (2004–2005), Innst. S. nr. 104 (2006–2007) og Innst. 371 S (2010–2011) slutta seg til at brukarane skal dekke driftsutgiftene.

Løyvinga dekker refusjonar for tenester og produkt som kundar av Nødnett blir tilbodne utover abonnementsordninga i Nødnett. Det inneber refusjonar for linjeleige til og drift av kommunikasjonsentralutstyr og refusjonar for drift og vedlikehald av nettverkskomponentar som blir bestilte og betalte av enkeltbrukarar. Vidare vil det i samband med utbygginga kunne komme utgifter for DSB som skal refunderast av leverandøren. Omfanget av desse refusjonane varierer.

*Utgifter på vegner av Nødnett-brukarane*

Departementet foreslår å auke løyvinga med 12 mill. kroner, mot ein tilsvarende auke på kap. 451, post 22, jf. omtale under kap. 451, post 22.

*Abonnementsinntekter*

Brukarbetaling for Nødnett skjer gjennom abonnementsordninga, med inntektsføring på kap. 3451, post 05. Det har vore ein jamn auke i brukarar i Nødnett.

Som følgje av dette blir det foreslått at løyvinga knytt til abonnementsinntekter på kap. 3451, post 05, blir auka med 10 mill. kroner.

*Oppsummering*

Departementet foreslår ein samla auke i løyvinga på posten med 22 mill. kroner.

**Kap. 452 Sentral krisehåndtering***Post 01 Driftsutgifter*

Justis- og beredskapsdepartementet viser til tilleggsløyvinga på posten i samband med revidert nasjonalbudsjett 2021, jf. Innst. 600 S (2020–2021) og Prop. 195 S (2020–2021), til etableringa av graderte løysingar og graderte rom i Krisestøtte-eininga (KSE).

Kostnadene blir lågare enn berekninga som blei lagd til grunn. Samstundes er andre kostnader òg reduserte som følgje av covid-19-pandemien.

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 2,6 mill. kroner.

**Kap. 454 Redningshelikoptertjenesten***Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten dekker kostnader til drift av den offentlege redningshelikoptertenesta og prosjektet for kjøp av nye redningshelikopter, i tillegg til ressursar til oppfølging av prosjektet. Løyvinga omfattar vidare ein tiltaksplan for Sea King-redningshelikopterflåten som skal bidra til å halde ved lag drift og god beredskap fram til dei nye redningshelikoptera er tekne i bruk. Det blir teke sikte på å setje i drift ein redningshelikopterbase i Tromsø i løpet av 2022. Løyvinga på posten dekker kostnader i samband med dette arbeidet.

*Tiltaksplan for Sea King-redningshelikopterflåte*

Sea King-helikoptera skal levere fleire flytimar på grunn av at innfasinga av dei nye redningshelikoptera er forseinka. Dette aukar kostnadene for vedlikehald av motorar og komponentar. I tillegg skal det gjennomførast vedlikehaldsprogram for levetidsforlenging av helikopter på enkelte skrog. Sidan ein del av desse kostnadene først kjem seinare, blir det foreslått å redusere løyvinga med 18 mill. kroner i 2021. Vidare vil driftskostnader for 2021 bli 77 mill. kroner lågare enn tidlegare berekna.

*Prosjektet for kjøp av nye redningshelikopter*

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 6,5 mill. kroner i samband med lågare utgifter enn budsjettet til konsulentar i prosjektet for kjøp av nye redningshelikopter.

*Oppsummering*

Departementet foreslår å redusere løyvinga med til saman 101,5 mill. kroner.

*Post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, kan overføres*

Løyvinga på posten dekker investeringar i samband med kjøp av nye redningshelikopter og etablering av ny redningshelikopterbase i Tromsø.

*Prosjektet for kjøp av nye redningshelikopter*

Enkelte tidspunkt for milestolpebetalingane for prosjektet for kjøp av nye redningshelikopter er endra. Det er behov for å sette av mindre midlar til forventa tillegg og uspesifiserte kostnader. Saman med endringar i utgifter til m.a. helikopterleverandør, utsetjing av utbetring av landingsplassane ved sjukehus, eigedom, bygg og anlegg, oppgradering av IKT og andre mindre endringar i utbetalingar, fører dette til at kostnadene til prosjektet blir høgare enn forventa i 2021. Departementet foreslår å auke løyvinga med 116,9 mill. kroner.

*Etablering av redningshelikopterbase i Tromsø*

I samband med behandlinga av Innst. 600 S (2020–2021) vart løyvinga under kap. 454, post 45, auka med 8 mill. kroner til etablering av ny redningshelikopterbase i Tromsø. Det vart ved ein feil ikkje teke omsyn til at utgifter til oppgradering av hangar ikkje blir omfatta av nettoføringsordninga for statleg betalt meirverdiavgift. Dette



medfører at mva.-utgifter må belastast og løyvast over budsjettet til Justis- og beredskapsdepartementet. Departementet foreslår å auke løyvinga med 2 mill. kroner.

#### *Oppsummering*

Departementet foreslår å auke løyvinga med til saman 118,9 mill. kroner.

### **Kap. 455 Redningstjenesten**

#### *Post 21 Spesielle driftsutgifter*

Løyvinga på posten omfattar utgifter til å engasjere private selskap, til dømes helikopterselskap, frivillige redningsorganisasjonar, i konkrete redningstilfelle, vidare refusjon til frivillige hjelparar for innsats i redningstenesta, forbruk og erstatning av tapt materiell m.m. Forbruket på posten er vanskeleg å berekne, sidan utgiftene varierer med talet på og omfanget av redningsaksjonar.

Det er eit auka behov på posten som følgje av hendingar som krev større bruk av sivile helikopter- og flyressursar enn tidligare, i tillegg til kostnader knytte til leirskredet på Gjerdrum. Refusjonar til dei frivillige organisasjonane i redningstenesta har også auka utover vanleg prisutvikling.

Departementet foreslår å auke løyvinga med 4 mill. kroner.

### **Kap. 466 Særskilte straffesaksutgifter m.m.**

#### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten dekker hovudsakleg utgifter til juridisk bistand i straffesakene til personar som har rett til advokatbistand i medhald av straffeprosesslova kap. 9 og 9 a. Dette er personar som har status som sikta eller tiltalte, som fornærma eller som pårørande av eller etterlatne etter den fornærma. Posten er regelstyrt. På bakgrunn av analysar av rekneskapstal og forventa utvikling i 2021 blir det foreslått å redusere løyvinga med 22,8 mill. kroner.

### **Kap. 469 Vergemålsordningen**

#### *Post 21 Spesielle driftsutgifter*

Løyvinga på posten dekker godtgjersle og utgifter til verjer, jf. verjemålslova § 30. Posten dekker òg godtgjersle og utgifter til representantar for einslege mindreårige asylsøkarar i tillegg til nødvendige utgifter til tolk, jf. utlendingslova § 98 f.

Statsforvaltarane har dei siste åra i stor grad fasa ut bruken av advokatverje med timebetaling etter offentleg salærsats i saker som ikkje krev juridisk kompetanse. Samstundes har det vore reduksjon i talet på einslege mindreårige asylsøkarar. Dette har ført til lågare forbruk på posten. På bakgrunn av dette blir det foreslått å redusere løyvinga med 33 mill. kroner i 2021.

### **Kap. 470 Fri rettshjelp**

#### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til advokat, sakkunnige og meddommarar m.m. i saker der det er gitt fri sakførsel etter reglane i rettshjelpslova. Fri sakførsel blir gitt i saker for domstolane og for særskilde forvaltningsorgan som fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker, kontrollkommissjonen (for psykisk helsevern), smittevernnemnda m.m. I tillegg dekker løyvinga utgifter til advokat og rettshjelp i saker der det heilt eller delvis er løyvd fritt rettsråd etter reglane i rettshjelpslova. Fritt rettsråd er juridisk rådgiving i saker som ikkje er til behandling i domstolane eller eit anna organ.

Dei siste tre åra har det vore ein nedgang i belasta utgifter på dette kapitlet. På bakgrunn av analysar av rekneskapstal og forventa utvikling i 2021 blir det foreslått å redusere løyvinga med 70,6 mill. kroner.

### **Kap. 471 Statens erstatningsansvar og Stortingets rettfærdsvederlagsordning**

#### *Post 71 Erstatningsansvar m.m., overlagsbevilgning*

Posten blir belasta når staten blir dømd til, eller har inngått forlik om, å betale erstatning fordi staten er ansvarleg etter ulovfesta eller lovfesta erstatningsrettslege reglar. Posten blir òg belasta når staten betaler ut erstatning utan at det har oppstått usemje om erstatningsansvaret i desse sakene. Posten blir vidare nytta til å dekke sakskostnadene til ein motpart og forseinkingsrenter som har tilkomne fram til éin md. etter at ein dom vart rettskraftig.

Posten er regelstyrt. I samband med NAV-sakene er det utbetalt uvanleg mange små erstatningsbeløp i 2021. På bakgrunn av dette blir det foreslått å auke løyvinga med 27,7 mill. kroner.

#### *Post 73 Stortingets rettfærdsvederlagsordning*

Løyvinga på posten dekker utbetalingar av rettfærdsvederlag. Rettfærdsvederlagsordninga er Stortingets eiga ordning der enkeltpersonar som

har komme særleg uheldig ut i møte med det offentlege jamført med andre på same tid, kan søke om ein skjønsmessig kompensasjon. Statens sivilrettsforvaltning er sekretariat for Stortingets utval for rettferdsvederlag.

Den gjennomsnittlege utbetalinga per sak er høgare i 2021. Det har samanheng med at det i 2020 vart behandla fleire saker med søknadsgrunnlag som gir grunnlag for høgare vederlag i den enkelte saka. Utvalet har justert vederlaget noko opp for enkelte sentrale søknadsgrunnlag. Denne utviklinga held òg fram i 2021. På bakgrunn av dette blir det foreslått å auke løyvinga med 3,3 mill. kroner.

### **Kap. 473 Statens sivilrettsforvaltning**

#### *Post 70 Erstatning til voldsofre, overlagsbevilgning*

Løyvinga på posten skal dekke erstatning i saker etter valdsoffererstatningslova. Løyvinga på posten er regelstyrt.

Posten vart i samband med revidert nasjonalbudsjett 2021 auka med 30 mill. kroner til lovendinga som vart fremma i mars 2021, der det vart foreslått ei øvre grense for valdsoffererstatning med tilbakeverkande kraft, og i tillegg 40 mill. kroner i ordinær anslagsending. Det er per september 2021 utbetalt 40,5 mill. kroner til lovendingssakene. Kontoret for valdsoffererstatning (KFV) anslår at det framleis kan komme slike saker til utbetaling i 2021. I tillegg har erstatningsutbetalingane generelt auka på grunn av at ein høgare prosent av sakene enn anslått, blir innvilga. Med bakgrunn i dette blir det foreslått å auke løyvinga med 15 mill. kroner.

### **Kap. 475 Bobehandling**

#### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten dekker staten sitt ansvar for utgifter til konkursbehandling i tilfelle der buet eller den som ber om konkurs (rekvirenten), ikkje dekker utgiftene. Dette er regelstyrte utgifter etter konkurslova § 73. På bakgrunn av rekneskapstal og forventa utvikling i 2021 blir det foreslått å redusere løyvinga med 28,6 mill. kroner.

### **Kap. 480 Svalbardbudsjettet**

#### *Post 50 Tilskudd*

Løyvinga skal nyttast til å dekke underskotet på svalbardbudsjettet, for å sikre at inntektene på

svalbardbudsjettet er like store som utgiftene. Departementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 480, post 50, med 14,7 mill. kroner. Når det gjeld sjølve svalbardbudsjettet, har departementet dette forslaget:

Departementet foreslår å auke løyvinga på kap. 0005 Sysselmeisteren med 4,0 mill. kroner. 3,8 mill. kroner kjem av auka kostnader til husleige, og 250 000 kroner kjem av dekning av utgreiing av utviding av flyplass.

Departementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 0006 Sysselmeistrens transportteneste med 4,6 mill. kroner for å dekke auka utgifter til husleige på kap. 0005, 0011 og 0022, i tillegg til utgreiing av utviding av flyplass.

Departementet foreslår å auke løyvinga på kap. 0011 Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard med 276 000 kroner for å dekke auka kostnader til husleige.

Departementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 0018 Navigasjonsinnretningar, post 01 Drift og vedlikehald, med 1,0 mill. kroner. Utgiftene til drift og vedlikehald av navigasjonsinnretningar på og ved Svalbard har vore lågare enn det som vart løyvd i samband med Prop. 1 S (2020–2021) *Svalbardbudsjettet*.

Departementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 0019 Meteorologisk institutt – husleige Bjørnøya og Hopen med 500 000 kroner for å sikre realistisk budsjettering.

Departementet foreslår å auke løyvinga på kap. 0022 Skattekontoret, Svalbard med 313 000 kroner for å dekke auka kostnader til husleige.

Departementet foreslår å auke kap. 3030 Skatter og avgifter, post 70 Skattar m.m., med 13,2 mill. kroner som følgje av høgare berekna skatteinntekter for 2021. Tilskotet til svalbardbudsjettet blir redusert tilsvarande, som ei parallelljustering.

### **Kap. 490 Utlendingsdirektoratet**

#### *Post 01 Driftsutgifter*

*Auka behov knytt til covid-19-tiltak: Ordning for kjærastebesøk*

Det er eit auka behov på UDI (Utlendingsdirektoratet) sin driftspost knytte til ei ny oppgåve med å handtere søknader om kjærastebesøk som unntak frå covid-19-relaterte innreiserestriksjonar. Auka kostnader er forbundne med saksbehandling og IKT-tilpassingar for å kunne ta imot og handtere søknader, i tillegg til automatisering av søknadsbehandlinga for meir effektiv ressursbruk. Det

blir foreslått å auke løyvinga på posten med 1,8 mill. kroner.

#### *Auka behov på grunn av evakuering frå Afghanistan*

UDI har nytta betydelege ressursar og ekstraordinært arbeid på å handtere sine oppgåver forbundne med evakueringa frå Afghanistan. Evakueringa førte til at UDI fekk ansvar for å ta imot evakuerte utlendingar og overføringsflyktingar og skaffe mellombels innkvartering til personar som vanlegvis ikkje skal i asylmottak. Det var ikkje planlagt for at det ville bli eit behov for å evakuere personar frå Afghanistan, noko som har medført at UDI har nytta 11,5 mill. kroner i auka utgifter til lønn. Det er anslått at det vil komme ytterlegare lønnskostnader på 3,2 mill. kroner i 2021. Det vil også vere auka utgifter til drift på 1,2 mill. kroner. Det har vore nødvendig for UDI å nedprioritere arbeidet med fleire ordinære oppgåver for å kunne handtere saksbehandling og praktiske forhold ved evakueringa.

Departementet foreslår å auke post 01 med 15,9 mill. kroner for å dekke kostnadene forbundne med evakueringa frå Afghanistan.

#### *Auka refusjonar*

Som følge av auka refusjonar blir det foreslått å auke løyvinga på posten med 1,0 mill. kroner, jf. omtale under kap. 3490, post 05.

#### *Oppsummering*

Samla foreslår departementet å auke løyvinga på kap. 490, post 01, med 18,7 mill. kroner.

#### *Post 21 Spesielle driftsutgifter, asylmottak*

Løyvinga på posten skal dekke utgifter staten har til drift av mottak for asylsøkarar, inkludert integreringsmottak.

#### *Færre bebuarar med særskilde behov i asylmottak og reforhandla avtalar*

Det er eit redusert behov for løyving knytt til at det er færre bebuarar med særskilde behov, og at enkelte avtalar har blitt reforhandla. Isolert sett inneber dette at behovet for løyving på posten blir redusert med 41,7 mill. kroner.

#### *Auka behov knytt til evakuering frå Afghanistan*

I samband med nedtrapping av utanlandsk militær aktivitet i Afghanistan oppstod det ei akutt krise, og det vart bestemt at ein skulle evakuere rundt 1 000 personar. Sjølv om ein del formelt hadde fått eit løyve som overføringsflykting, var det gjort svært lite saksbehandling. Derfor vart det avgjort at alle skulle inn i mottakssystemet og få fullført si saksbehandling før busetjing i kommunane. Evakueringa har ført til eit auka behov for løyving knytt til innkvartering på 73,7 mill. kroner.

#### *Smitteverntiltak i asylmottak*

Sidan mars 2020 har UDI sett i verk fleire tiltak for å avgrense smitte og spreing av covid-19 i asylmottaka. I hovudtrekk inneber iverksette tiltak auka mottakskapasitet for å sørge for sosial distansering, redusere trongbudde kår og ha fasilitetar til isolasjon og karantene ved mottaka. Tiltaka for å avgrense smittespreiing medfører òg eit auka behov for bemanning og andre driftskostnader ved mottaka. Tiltaka er sette i verk med heimel i fullmakta gitt av Stortinget til å auke innkvarteringskapasiteten sjølv om det medfører eit auka løyvingbehov over kap. 490, postane 21 og 60, jf. Innst. 16 S (2020–2021), romartalsvedtak V. Isolert sett inneber dette eit behov for å auke løyvinga på posten med 8,1 mill. kroner. Kostnadsoverslaget føreset at det ikkje skjer større smitteutbrot i mottak resten av året.

#### *Oppsummering*

Samla foreslår departementet å auke løyvinga på kap. 490, post 21, med 40,1 mill. kroner.

#### *Post 22 Spesielle driftsutgifter, tolk og oversettelse*

Løyvinga på posten dekker utgiftene UDI har i samband med tolking og omsetjing under behandlinga av asylsaker. Løyvinga skal òg dekke kvalitetssikringsarbeid i samband med intervju og omsetjingar.

I løyvinga for 2021 er det lagt til grunn at UDI skulle fatte 2 200 vedtak i asylsaker. Prognosen for talet på vedtak har blitt redusert til rundt 1 700 saker. Departementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 490, post 22, med 2,4 mill. kroner.

#### *Post 60 Tilskudd til vertskommuner for asylmottak*

Vertskommunetilskotet skal dekke utgifter til helse, barnevern, tolk og administrasjon i sam-

band med drift av mottak og omsorgssenter i kommunen.

#### *Redusert behov som følge av reforhandling av avtaler*

Sett bort frå utgifter knytte til evakueringa frå Afghanistan og covid-19-tiltak i mottak, kjem endringar på posten av oppdaterte prognosar på mottak i drift. Det blir utbetalt grunntilskot til fleire kommunar, og det er ein auke i talet på barnehageplassar samanlikna med det som tidlegare er lagt til grunn. Det er samstundes eit lågare behov for løyving som følge av reforhandling av avtalen med Nasjonalt tilkomstsenter, slik at det blir betalt plasstilskot til 500 færre plassar enn tidlegare. Det er òg eit lågare behov for tilskot til alternativ mottaksplassering i kommunane. Dette gir samla eit redusert behov på 3,9 mill. kroner.

#### *Auka behov knytt til evakuerte frå Afghanistan*

Jf. omtale under post 21. Det har blitt oppretta nye mottak for å innkvartere dei evakuerte frå Afghanistan, og dette fører til eit auka behov for vertskommunetilskot. Det er òg eit stort tal barn blant dei evakuerte, og derfor eit auka behov for tilskot til barnehage.

#### *Tiltak for å avgrense smitte og spreiring av covid-19 i asylmottak*

Det blir vist til omtale under post 21 om oppdaterte anslag for tiltak for å avgrense smitte og spreiring av covid-19 i asylmottaka. Det blir foreslått å auke løyvinga på post 60 med 1,3 mill. kroner til kapasitetsauke i mottak.

#### *Oppsummering*

Samla foreslår departementet å auke løyvinga på posten med 1,2 mill. kroner.

#### *Post 70 Stønader til beboere i asylmottak*

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til stønadsordninga som omfattar økonomiske ytingar til livsopphald for bebuarar i asylmottak som ikkje kan dekke dette sjølv, og andre nødvendige ytingar.

#### *Fleire bebuarar i mottak*

Det er forventa om lag 200 fleire bebuarar i mottak i gjennomsnitt i 2021 enn det som er lagt til grunn i samband med revidert nasjonalbudsjett.

Det blir derfor foreslått å auke løyvinga med 2 mill. kroner.

#### *Auka behov knytt til evakuerte frå Afghanistan*

Det er eit auka behov på om lag 4 mill. kroner knytt til bebuarane i mottak som er evakuerte personar frå Afghanistan.

#### *Oppsummering*

Samla foreslår departementet å auke løyvinga på posten med 5,9 mill. kroner.

#### *Post 72 Internasjonalt migrasjonsarbeid, og assistert retur og reintegrering i heimlandet, kan overføres*

Løyvinga på posten skal bidra til at personar som har fått endeleg avslag på søknaden om vern, og andre personar utan lovleg opphald i Noreg, returnerer til heimlandet. Løyvinga skal òg leggje til rette for at flyktningar kan vende tilbake til heimlandet. Posten finansierer stønadsordningar og tilskotsordningar som kan nyttast til informasjons- og motivasjonsarbeid som skal bidra til assisterte returar eller tilbakevending frå Noreg.

På grunn av covid-19-pandemien har det blitt gjennomført færre returar enn anteke. I tillegg er suspensjonen av utreiseplikt til Afghanistan forlengd til 31. januar 2022, slik at det ikkje blir gjennomført fleire tvangsreturar til Afghanistan i 2021. Prognosen for assisterte returar er nedjustert til 130.

Det er eit lågare behov for løyving på posten, og departementet foreslår å redusere løyvinga med på 4,7 mill. kroner.

#### *Post 73 Beskyttelse til flyktningar utenfor Norge mv., støttetiltak, kan nyttas under kap. 291 post 60*

Formålet med posten er å finansiere støtte til arbeidet som FN sin høgkommissær for flyktningar (UNHCR), International Organization for Migration (IOM) og ev. andre organisasjonar gjer med overføring av flyktningar.

I løyvinga for 2021 er det lagt til grunn uttak på 3 600 overføringsflyktningar via FN-systemet. Prognosen blir no redusert til uttak av 2 900 overføringsflyktningar i dette sporet. Samtidig blir det gjort betydeleg uttaksarbeid for grupper av asylsøkarar i Afghanistan av UDIs egne tilsette, jf. meirbehov på post 01. Det blir foreslått å redusere løyvinga med 3,9 mill. kroner.

*Post 74 Internasjonale forpliktelser, kontingenter mv., kan overføres*

Løyvinga skal dekke kontingentar og andre innbetalningar til internasjonale samarbeidsorgan på migrasjonsområdet. Kontingentane som løyvinga dekker, blir utbetalte i utanlandsk valuta. Storleiken på Noregs kontingentar/innbetalningar blir berekna på bakgrunn av prognosar på aktivitet i det aktuelle året. Det er eit lågare behov for løyving, knytt til at aktiviteten i organisasjonane har vore lågare i 2021 enn planlagt. Det lågare behovet kjem også dels av lågare valutakurs. Departementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 12,4 mill. kroner.

*Post 75 Reiseutgifter for flyktningar til og fra utlandet, kan overføres*

Løyvinga dekker reiseutgifter for overføringsflyktningar og eventuelt mottak av asylsøkarar for å fordele byrde mellom EU/Schengen-land, og reiseutgifter for flyktningar som vender tilbake til heimlandet sitt. Løyvinga dekker òg utgifter i samband med mottak av overføringsflyktningar.

*Feil i budsjetteringa*

Overføring av ubrukne plassar på kvota frå 2020 som var planlagt nytta i 2021, har ved ein feil blitt finansiert dobbelt. Det blir foreslått å redusere løyvinga med 18,8 mill. kroner som følgje av dette.

*Auka prognose og endra tilkomstmønster*

I samband med revidert nasjonalbudsjett 2021 er det lagt til grunn tilkomst av 3 600 personar i 2021. Oppdatert prognose tilseier tilkomst av 3 900. Endringa kjem dels av ein reduksjon i tilkomststar av overføringsflyktningar via FN-systemet og dels av auka tilkomststar av evakuerte frå Afghanistan. Behovet for løyving på posten aukar med 400 000 kroner pga. dette.

*Oppsummering*

Departementet foreslår samla å redusere løyvinga på posten med 18,5 mill. kroner.

**Kap. 3490 Utlendingsdirektoratet***Post 01 Assistert retur fra Norge for asylsøkere med avslag, ODA-godkjente utgifter*

Visse utgifter på kap. 490, post 01 og 72, knytte til tilrettelegging for at flyktningar skal kunne vende

tilbake til heimlandet, og for at personar med avslag på asylsøknad skal kunne returnere, kan ifølgje statistikkdirektiva til OECD/DAC godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjende utgifter). Som følgje av endringar på kap. 490, post 72, og justering i berekningsgrunnlaget på kap. 490, post 01, foreslår departementet å auke løyvinga på posten med 1 mill. kroner.

*Post 03 Reiseutgifter for flyktningar til og fra utlandet, ODA-godkjente utgifter*

Reiseutgifter til og frå utlandet for flyktningar kan i tråd med statistikkdirektiva til OECD/DAC godkjennast som offisiell bistand.

På bakgrunn av foreslåtte endringar på kap. 490, post 01 og post 75, foreslår departementet å auke løyvinga på kap. 3490, post 03, med 4,1 mill. kroner.

*Post 04 Asylmottak, ODA-godkjente utgifter*

Visse innanlandske utgifter knytte til innkvartering av asylsøkarar og flyktningar kan i tråd med statistikkdirektiva til OECD/DAC godkjennast som offisiell bistand.

Inntektsanslaget knyter seg til utgifter over kap. 490, post 21, 60, 70 og 71. På bakgrunn av det auka behovet for løyving på postane 21, 60 og 70 foreslår departementet å auke løyvinga med 50,5 mill. kroner.

*Post 05 Refusjonsinntekter*

Posten består av refusjon for at andre verksemder nyttar UDI sine IKT-system, refusjon for deltaking i europeiske samarbeidsprosjekt og andre mindre refusjonar.

*Nettoføring av DUF-refusjonar*

I Saldert budsjett for 2021 er det budsjettert med 2,5 mill. kroner i refusjonar for bruk av UDIs IKT-system frå andre verksemder i utlendingsforvaltninga. Som følgje av endra krav til inntektsføring av refusjonar i R-101 vil desse refusjonane nettoførast på UDIs driftspost. Inntektene på posten blir dermed nedjusterte med 2,5 mill. kroner, mot tilsvarende reduksjon på kap. 490, post 01.

*Refusjon i samband med nye lokale*

UDI har fått 3,4 mill. kroner i refusjon i samband med at ein tredjepart har overteke leigeavtalen til UDIs gamle lokale.

### Oppsummering

Samla foreslår departementet å auke løyvinga med 1,0 mill. kroner, mot tilsvarande auka utgifter på kap. 490, post 01.

#### *Post 06 Beskyttelse av flyktningar utenfor Norge mv., ODA-godkjente utgifter*

Utgifter knytte til overføring av flyktningar kan i tråd med statistikkdirektiva til OECD/DAC godkjennast som offisiell bistand.

Som følge av endringar på kap. 490, post 73, og som følge av lågare administrative kostnader til International Organization for Migration (IOM), førte over post 01, foreslår departementet å redusere løyvinga med 1,4 mill. kroner.

#### *Post 07 Tolk og oversettelse, ODA-godkjente utgifter*

Utgifter til tolk, omsetjing og informasjon i samband med asylsøkarprosessen kan ifølgje statistikkdirektiva til OECD/DAC godkjennast som offisiell bistand.

Som følge av endringar på kap. 490, post 22 foreslår departementet å redusere løyvinga med 2,3 mill. kroner.

#### *Post 08 Internasjonalt migrasjonsarbeid og reintegrering i hjemlandet, ODA-godkjente utgifter*

Utgifter knytte til reintegrering av personar som blir returnerte til opphavslandet eller til eit tredjeland, og tiltak som bidrar til samarbeid om retur, returavtalar, oppbygging av migrasjonsforvaltninga i sentrale opphavs- og/eller transitland og velordna migrasjon, kan godkjennast som offisiell internasjonal bistand ifølgje statistikkdirektiva til OECD/DAC.

På grunn av færre returar er utgifter til reintegreringsstøtte og tilskot til assistert retur, som blir utbetalt over kap. 490, post 72, lågare enn tidlegare anslått. I tillegg er delen returar til ODA-land redusert. Som følge av dette foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med 1,4 mill. kroner.

### Kap. 491 Utlendingsnemnda

#### *Post 01 Driftsutgifter, kan nyttas under post 21*

Som følge av koronasituasjonen har saksinngangen til UNE vore lågare enn det som vart lagt til grunn ved revidert nasjonalbudsjett 2021. Det er også lågare driftskostnader knytt til forseinking i IKT-utviklingsprosjekt og det at aktivitetar som kurs og seminar ikkje har blitt gjennomførte som planlagt. Departementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 11 mill. kroner.

#### *Post 21 Spesielle driftsutgifter, nemndbehandling, kan nyttas under post 1*

Løyvinga på posten skal dekke utgifter i samband med avvikling av nemndmøte.

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 4,5 mill. kroner. Dette kjem i hovudsak av at UNE har fått eit lågare tal saker om tilbakekall av statsborgarskap enn forventa.

Justis- og beredskapsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2021 under Justis- og beredskapsdepartementet.

---

**Vi HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2021 under Justis- og beredskapsdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

### til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2021 under Justis- og beredskapsdepartementet

## I

I statsbudsjettet for 2021 blir det gjort følgende endringer:

## Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
414		Forliksråd og andre domsutgifter	
	01	Driftsutgifter, forhøyes med .....	6 298 000
		fra kr 250 138 000 til kr 256 436 000	
430		Kriminalomsorgen	
	01	Driftsutgifter, nedsettes med .....	39 400 000
		fra kr 5 007 036 000 til kr 4 967 636 000	
	60	Refusjoner til kommunene, forvaringsdømte mv., <i>kan overføres</i> , forhøyes med .....	7 500 000
		fra kr 86 200 000 til kr 93 700 000	
433		Konfliktråd	
	01	Driftsutgifter, forhøyes med .....	220 000
		fra kr 145 924 000 til kr 146 144 000	
440		Politiet	
	01	Driftsutgifter, nedsettes med .....	81 945 000
		fra kr 20 374 232 000 til kr 20 292 287 000	
	25	Variable utgifter ved ankomst, mottak og retur i politiets utlendings- forvaltning, nedsettes med .....	70 000 000
		fra kr 130 159 000 til kr 60 159 000	
446		Den militære påtalemyndighet	
	01	Driftsutgifter, nedsettes med .....	200 000
		fra kr 9 261 000 til kr 9 061 000	
448		Grensekommisæreren	
	01	Driftsutgifter, forhøyes med .....	345 000
		fra kr 5 833 000 til kr 6 178 000	
451		Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap	
	01	Driftsutgifter, nedsettes med .....	6 540 000
		fra kr 1 040 311 000 til kr 1 033 771 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
	22	Spesielle driftsutgifter – Nødnett, <i>kan overføres</i> , forhøyes med..... fra kr 499 659 000 til kr 511 659 000	12 000 000
	45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i> , nedsettes med ..... fra kr 114 552 000 til kr 94 852 000	19 700 000
	60	Refusjoner til kommunene og statsforvalterne mv., <i>kan overføres</i> , nedsettes med ..... fra kr 3 983 400 000 til kr 2 503 400 000	1 480 000 000
452		Sentral krisehåndtering	
	01	Driftsutgifter, nedsettes med ..... fra kr 30 008 000 til kr 27 408 000	2 600 000
454		Redningshelikoptertjenesten	
	01	Driftsutgifter, nedsettes med ..... fra kr 737 369 000 til kr 635 844 000	101 525 000
	45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i> , forhøyes med... fra kr 1 777 556 000 til kr 1 896 449 000	118 893 000
455		Redningstjenesten	
	21	Spesielle driftsutgifter, forhøyes med ..... fra kr 32 207 000 til kr 36 207 000	4 000 000
466		Særskilte straffesaksutgifter m.m.	
	01	Driftsutgifter, nedsettes med ..... fra kr 1 225 137 000 til kr 1 202 380 000	22 757 000
469		Vergemålsordningen	
	21	Spesielle driftsutgifter, nedsettes med ..... fra kr 114 966 000 til kr 81 966 000	33 000 000
470		Fri rettshjelp	
	01	Driftsutgifter, nedsettes med ..... fra kr 602 278 000 til kr 531 655 000	70 623 000
471		Statens erstatningsansvar og Stortingets rettferdsvederlagsordning	
	71	Erstatningsansvar m.m., <i>overslagsbevilgning</i> , forhøyes med..... fra kr 116 762 000 til kr 144 462 000	27 700 000
	73	Stortingets rettferdsvederlagsordning, forhøyes med ..... fra kr 23 704 000 til kr 27 000 000	3 296 000
473		Statens sivilrettsforvaltning	
	70	Erstatning til voldsofre, <i>overslagsbevilgning</i> , forhøyes med ..... fra kr 394 562 000 til kr 409 562 000	15 000 000



Kap.	Post	Formål	Kroner
475		Bobehandling	
	01	Driftsutgifter, nedsettes med ..... fra kr 149 918 000 til kr 121 300 000	28 618 000
480		Svalbardbudsjettet	
	50	Tilskudd, nedsettes med ..... fra kr 418 978 000 til kr 404 278 000	14 700 000
490		Utlendingsdirektoratet	
	01	Driftsutgifter, forhøyes med ..... fra kr 1 081 633 000 til kr 1 100 299 000	18 666 000
	21	Spesielle driftsutgifter, asylmottak, forhøyes med ..... fra kr 538 848 000 til kr 578 989 000	40 141 000
	22	Spesielle driftsutgifter, tolk og oversettelse, nedsettes med ..... fra kr 11 691 000 til kr 9 328 000	2 363 000
	60	Tilskudd til vertskommuner for asylmottak, forhøyes med ..... fra kr 151 315 000 til kr 152 516 000	1 201 000
	70	Stønader til beboere i asylmottak, forhøyes med ..... fra kr 49 017 000 til kr 54 897 000	5 880 000
	72	Internasjonalt migrasjonsarbeid, og assistert retur og reintegrering i hjemlandet, <i>kan overføres</i> , nedsettes med ..... fra kr 49 355 000 til kr 44 638 000	4 717 000
	73	Beskyttelse til flyktninger utenfor Norge mv., støttetiltak, <i>kan nyttes under kap. 291 post 60</i> , nedsettes med ..... fra kr 18 448 000 til kr 14 549 000	3 899 000
	74	Internasjonale forpliktelser, kontingenter mv., <i>kan overføres</i> , nedsettes med ..... fra kr 55 400 000 til kr 43 024 000	12 376 000
	75	Reiseutgifter for flyktninger til og fra utlandet, <i>kan overføres</i> , nedsettes med ..... fra kr 32 627 000 til kr 14 162 000	18 465 000
491		Utlendingsnemnda	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttes under post 21</i> , nedsettes med ..... fra kr 253 318 000 til kr 242 318 000	11 000 000
	21	Spesielle driftsutgifter, nemndbehandling, <i>kan nyttes under post 1</i> , nedsettes med ..... fra kr 12 381 000 til kr 7 881 000	4 500 000

## Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3410		Domstolene	
	01	Rettsgebyr, nedsettes med..... fra kr 329 990 000 til kr 279 990 000	50 000 000
	02	Saks- og gebyrinntekter jordskiftedomstolene, nedsettes med..... fra kr 25 021 000 til kr 21 900 000	3 121 000
3430		Kriminalomsorgen	
	03	Andre inntekter, forhøyes med ..... fra kr 21 687 000 til kr 34 987 000	13 300 000
	04	Tilskudd, forhøyes med..... fra kr 2 518 000 til kr 22 518 000	20 000 000
3433		Konfliktråd	
	02	Refusjoner, forhøyes med ..... fra kr 746 000 til kr 966 000	220 000
3440		Politiet	
	01	Gebyr – pass og våpen, nedsettes med..... fra kr 478 499 000 til kr 427 999 000	50 500 000
	02	Refusjoner mv., nedsettes med..... fra kr 278 210 000 til kr 228 210 000	50 000 000
	03	Salgsinntekter, nedsettes med ..... fra kr 79 223 000 til kr 59 223 000	20 000 000
	06	Gebyr – utlendingssaker, nedsettes med..... fra kr 297 340 000 til kr 284 240 000	13 100 000
	07	Gebyr – sivile gjøremål, nedsettes med..... fra kr 1 075 285 000 til kr 925 285 000	150 000 000
	08	Refusjoner fra EUs grense- og visumfond, nedsettes med..... fra kr 38 200 000 til kr 32 459 000	5 741 000
3451		Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap	
	02	Refusjoner driftsutgifter Nødnett, forhøyes med..... fra kr 34 041 000 til kr 48 241 000	14 200 000
	03	Diverse inntekter, nedsettes med ..... fra kr 28 179 000 til kr 19 179 000	9 000 000
	04	Refusjoner større utstyrsanskaffelser og vedlikehold Nødnett, nedsettes med ..... fra kr 75 045 000 til kr 64 045 000	11 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
	05	Abonnementsinntekter og refusjoner Nødnett, forhøyes med .....	22 000 000
		fra kr 469 556 000 til kr 491 556 000	
3490		Utlendingsdirektoratet	
	01	Assistert retur fra Norge for asylsøkere med avslag, ODA-godkjente utgifter, forhøyes med .....	1 017 000
		fra kr 1 170 000 til kr 2 187 000	
	03	Reiseutgifter for flyktninger til og fra utlandet, ODA-godkjente utgifter, forhøyes med.....	4 079 000
		fra kr 47 769 000 til kr 51 848 000	
	04	Asylmottak, ODA-godkjente utgifter, forhøyes med.....	50 518 000
		fra kr 188 648 000 til kr 239 166 000	
	05	Refusjonsinntekter, forhøyes med .....	973 000
		fra kr 4 616 000 til kr 5 589 000	
	06	Beskyttelse til flyktninger utenfor Norge mv., ODA-godkjente utgifter, nedsettes med .....	1 444 000
		fra kr 21 292 000 til kr 19 848 000	
	07	Tolk og oversettelse, ODA-godkjente utgifter, nedsettes med .....	2 269 000
		fra kr 11 224 000 til kr 8 955 000	
	08	Internasjonalt migrasjonsarbeid og reintegrering i hjemlandet, ODA-godkjente utgifter, nedsettes med.....	1 412 000
		fra kr 25 942 000 til kr 24 530 000	

*Andre vedtak*

II

Tilføyning av stikkord

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2021 kan tilføye stikkordet «kan overføres» på kap. 440 Politiet, post 73 Tilskudd til EUs grense- og visumfond, og kap. 444 Politiets Sikkerhetstjeneste (PST), post 01 Driftsutgifter.

=====

